

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.11.2015

Notat av 17.11.2015 frå fylkesrådmannen med svar på spørsmål frå Pål Kårø var lagt fram som tillegg til saka.

Sveinung Valle sette på vegner av A, KrF, Sp og SV fram slikt forslag:

"Fylkesutvalet støttar ikkje søknaden om godkjenning. Ei godkjenning vil ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen. Ei slik etablering vil ha negativ verknad på dei endringane som er gjort for å sikre robuste fagmiljø og vil gje fylkeskommunen ei utfordring i formidling til lære plassar."

Anne-Beth Njærheim sette på vegner av V fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"Hordaland fylkeskommune tar initiativ til ein dialog med bygg- og anleggsbransjen for å få til eit godt grunnlag for faget innan bygg og anlegg i vidaregåande skule."

Røysting

Innstillinga fekk 6 røyster (H, Frp, V) og fall.

Valle sitt forslag vart vedteke mot 6 røyster (H, Frp, V).

Njærheim sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstilleren utan realitetsbehandling.

Vedtak

Fylkesutvalet støttar ikkje søknaden om godkjenning. Ei godkjenning vil ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen. Ei slik etablering vil ha negativ verknad på dei endringane som er gjort for å sikre robuste fagmiljø og vil gje fylkeskommunen ei utfordring i formidling til lære plassar.